

Heimel: Vedtatt av Herøy kyrkjelege fellesråd xx.xx.xxxx med heimel i lov 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt § 8 første avsnitt og § 14 første avsnitt og forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskriften) §15a fjerde avsnitt og § 5

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark xx.xx.xxxx, jf. lov 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) § 21 første avsnitt.

§ 1.Forvaltning

Gravplassmyndigheit i Herøy kommune er Herøy kyrkjelege fellesråd jf. gravplasslova med forskrifter.

§ 2.Definisjonar

Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Festetid: Tida som det er avtalt å feste ei grav.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei tilvist grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Kistegrav: Grav som følgjer gravplassforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan ein og gravlegge oskeurner.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke ned namn og data på dei som er gravlagde der.

Urnegrav i namna minnelund: Denne har plass til ei oskeurne.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

§ 3.Ferdsel på gravplassane

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9.

Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4.Gravplasstillhøyrse

Avdøde personar i kommunen skal som hovudregel gravleggjast på den gravplassen dei soknar til, men kan gravleggjast på andre gravplassar i kommunen dersom det er plass.

Dei har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava. Retten til utvida frigravsperiode er nærmare regulert i gravplassforskrifta § 16 og gravplassforskrifta § 18.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav dersom gravferdsmyndigheita har tilvist grava.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt, jf. til ei kvar tid gjeldande betalingregulativ fastsett av Herøy kommune.

§ 5.Fredingstid

Fredingstid for kistegraver er 20 år.

Fyljande gravplassar har fredingstid på 30 år: Flusund og Leikong gravplassar.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

§ 6. Stenging for kistegravlegging

På grunn av freda kulturminne på Herøy gamle kyrkjestad, er gravplassen stengt for kistegravlegging. I tillegg kan ikkje krava i gravplassforskrifta § 12 og § 13 innfriast. Nye graver vert ikkje tilvist. Eksisterande graver kan berre nyttast til urner og berre i tråd med bestemmingar i medhald av kulturminnelova.

§ 7.Feste av grav med meir

Når ei kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved feste av grav ved sida av ny grav, er festetida 5 år i gongen. Feste av grav ved sidan av vert ikkje rekna som frigrav, då denne ikkje er tilvist av gravferdsmyndigheita.

Det kan setjast ned urner i kistegrav. Grava vert framleis definert som kistegrav med dei avgifter som gjeld for kistegrav. Dette med bakgrunn i det arealet den tek opp.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla.

Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 8.Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging.

Gravplassmyndigheten er ikkje ansvarleg for skader på graver eller gravutstyr med mindre skaden skuldast aktløyse frå tilsette, jf. gravplassforskrifta § 10.

Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste.

Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting, utanom ved tele i jorda.

Medan ein ventar på gravminne kan gravplassmyndigheita ordne med eit merke med avdøde sitt namn på.

På ein nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava ein først nyttar. Gravminnet blir sentrert på gravstaden etter neste gravlegging.

Det kan berre plasserast eitt gravminne på kvar gravstad.

§ 9.Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant.

I plantefeltet kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går ut over plantefeltet. Heller ikkje vekstar som er på framandartlista og som har evne til å spreie seg uønska vidare.

På ordinær urnegrav i urnelunden er det ikkje høve til å ha plantefelt breiare enn gravminnet si breidde. Plantefeltet kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant.

I plantefeltet er det høve til å sette ned dekorgjenstandar og sorguttrykk, så lenge dei ikkje er til sjenanse, gjer drifta av gravplassen vanskeleg (opning av grav, grasklipping, o.l.), eller er brannfarleg i samband med tenning av lys, jamfør neste avsnitt.

Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast

etter bruk. Lykter og lys må vere tilstrekkeleg festa, til dømes med jordspyd, eller ha ei eigenvekt som gjer at dei ikkje kjem på avveggar.

Ein skal fjerne lys og andre lause dekorgjenstandar etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Det er ikkje høve med fastmonterte dekorgjenstander på bedplater.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt eller plate framfor gravminnet, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller andre materiale.

§ 10. Plantemateriale

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut kunne komposterast.

§ 11. Stell av grav

Kvar ansvarleg for grav eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan avtale med den som får løyve til det etter § 17 om planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminne. Ein slik avtale fritenk ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld. Gravminne som ikkje er forsvarleg sikra, vert lagt ned på bakken. Fester vert varsla.

§ 13. Namna minnelund

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei namneplate på felles minnesmerke.

Graver i namna minnelund kan ein feste etter utløp av fredingstidas på lik linje med andre graver på gravplassen. Det vil då ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava.

I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg (reservering) når ei grav blir nytta, mot at ein betalar festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava vert teken i bruk, jf. § 7.

Ved feste av grav i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene kjem attmed kvarandre.

Avgift for bruk av namna minnelund skal ein betale frå det tidspunktet grava blir teken i bruk.

Når feste opphøyrer, skal festaren eller ansvarleg for grava få høve til å hente namneplata hjå gravplassmyndigheita. Namneplate som ikkje er henta hjå gravplassmyndigheita innan seks månader, kan gravplassmyndigheita destruere.

Det blir ikkje høve til å ha namneplate i namna minnelund ved kistegravlegging.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for gravene i minnelunden.

Det kan leggst ned blomar og tennast stearinlys på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita. All tenning av lys må vere innanfor gjeldande reglar om brannvern. Blomar og lys vert rydda bort ein gong i veka.

§ 14. Anonyme urnegraver

På gravfelt avsett til anonyme urnegraver er avdøde si plassering berre kjent for gravplassmyndigheita.

§ 15. Namneflytting

Det er ikkje tillate å ha namneplate i namna minnelund dersom gravlegging har skjedd i tradisjonell kistegrav eller i ordinær urnegrav.

Det er heller ikkje høve til namneflytting til namna minnelund. Sjå elles gravplassforskrifta § 21

§ 16. Bårerom

Gravplassmyndigheita stiller bårerom til disposisjon for den som står for gravferda. Det skal berre nyttast til oppbevaring av den døde. Ingen har tilgang utan løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 17. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne samt planting og stell av graver.

§ 18. Arbeid på gravplassane

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00–17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplassen. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 19. Dispensasjon frå vedtektene

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §§ 5, 6, 7, 8, 13 og 15 i vedtektene.

§ 17. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter

Forskrifta trer i kraft 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtiend. Frå same tid blir vedtekter fastsett 29. mars 2023 av Herøy kyrkjelege fellesråd for gravplassane i Herøy kommune, Møre og Romsdal, oppheva.